

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 02.06.2016

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag på vegner av Frp og H:

«Erstatter siste setning:
Stillingen blir lagt under fylkesrådmannen.

Nytt pkt.
Stillingen etableres med åremål.»

Rasmus L. Rasmussen, A, sette fram slikt forslag på vegner av R, SV, A, Sp, KrF, MDG, V, H og Frp:

«Etter eit år skal det verte evaluert kor i organisasjonen ombodet skal vere innplassert.»

Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 5 røystar (Frp, H) og fall.
Innstillinga med Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det skal i tråd med budsjettvedtaket for 2016 tilsettast elev- og lærlingombod frå 01.08.2016. Ombodet skal ha ei uavhengig rolle i fylkeskommunen og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar etter opplæringslova blir oppfylt. Stillinga vert lagt til opplæringsavdelinga. Etter eit år skal det verte evaluert kor i organisasjonen ombodet skal vere innplassert.